



STORD  
KOMMUNE



kristorbyen



# Kompetanseplan for barnehagane i Stord kommune 2016

Foto: Mariann Steinsland

## Kompetanseutvikling

Ein god barnehage krev kompetente leiarar og tilsette. Personalet sin kompetanse er den viktigaste einskildfaktoren for at barn skal trivast og utvikla seg i barnehagen.

Kunnskapsdepartementet sin *Strategiplan for kompetanse og rekruttering 2014 – 2020*, underbyggjer ansvaret barnehageeigar har for rekruttering og kompetanseutvikling av personalet. Planen underbyggjer også kommunen sitt ansvar for at alle barn i kommunen får eit godt og trygt pedagogisk barnehagetilbod.

Arbeid med kompetanseutvikling føregår på fleire måtar som formell vidareutdanning, kurs, lærande nettverk, fagsamlingar, med meir. Intern kompetanseheving på arbeidsplassen og mellom barnehagar er viktig. Rettleiing av tilsette, drøftingar og refleksjonar i møte er med å prega korleis barnehagekvardagen vert. Fagmøta for barnehagestyrarar ca ein gong i månaden er og ein god arena for refleksjon og kunnskapsdeling.

Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning ved Universitetet i Stavanger, har vore med å utvikla programmet «Være saman». Det omhandlar i grove trekk utvikling av barnehagen som lærande organisasjon i høve arbeid med barn sin sosiale kompetanse, dei minste i barnehagen og språkutvikling. Personalet i dei fem kommunale barnehagane og Ås barnehage og fått opplæring i programmet og held no på med implementering av det. Våren 2016 deltok rettleiarane av programmet i dei seks barnahagane på to nettverkssamlingar i regi av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Personalet i dei seks barnehagane deltok på kursdag i januar der innhaldet var kompetanseutvikling i høve Være saman.

Dei sju FUS-barnehagane arbeider med utviklingsprosjektet «Egenledelse i lek og læring». Prosjektet starta i 2014 og vert avslutta i 2017. Målet er å auka personalet sin kompetanse i høve arbeid med barn sin lek og læring, og korleis barnehagen kan leggja til rette for dette.

FUS har ei nasjonal satsing på kompetanseheving på «Egenledelse i lek og læring». Prosjektet starta i 2014 og vert avslutta i 2017. Målet er å øke personalet sin kompetanse i forhold til arbeid med barn sin lek og læring, og hvordan barnehagen kan legge til rette for dette.

Pedagogene har ei kursrekke på 8 trinn, pedagogane som er komne til trinn 5 skal kursa det øvrige personalet.

Dei pedagogane som ikkje har vore med opp til trinn 5, skal no vera med på eit oppsamlingskurs. Seinare vert dei kursa vidare av pedagogane som har vore gjennom alle trinna.

Assistentane var på kurs våren 2015, og var på eit nytt kurs i første halvdel av 2016. I tillegg vert dei dei kursa/veileda av pedagogane som har nådd trinn 5. Assistentar som ikkje har delteke i tidligare kurs, var på oppsamlingskurs første halvdel av 2016.

I tillegg arbeider fleire barnehagar med kompetanseutvikling i høve områda «Danning og kulturelt mangfald» og «Eit godt språkmiljø for alle barn». Ein av

desse barnehagane har avtale om eit samarbeid med Høgskulen Stord/Haugesund, og ein annan med Relasjonsenteret i Stavanger. Alle barnehagane og skulane, PPT, barnevern og helsestasjon er med i eit prosjekt som vert kalla Betre Tverrfagleg Innsats (BTI). Prosjektet skal sikra betre og meir heilskapleg innsats overfor barn, unge og familiar det er knyta uro til. Helsedirektoratet har ansvar for utvikling av modellen som vert brukt. Opplæring i Ages and Stages Questionnaire (ASQ) er også del av BTI-prosjektet. ASQ er eit foreldreadministrert, standardisert spørjeskjema for å vurdera barn si utvikling. Hausten 2016 skal fleire barnehagar også i gang med opplæring i ASQ:SE (Ages & Stages Questionnaires: Social-Emotional), som er eit supplement til kartleggingsverktøyet ASQ. Dette skjeaet omhandlar barnet sin sosiale og emosjonelle kompetanse. PPT Stord/Fitjar har ansvar for opplæringa av skjema i barnehagane.

FOS si barnehagegruppe er i gang med planlegging av kursa for regionen i 2016/2017. Jamfør FOS sin kursdatabse:  
<http://www.fos-sunnh.no/pages/kursdatabasen.php>



Foto: Tjødnalio barnehage

## Etter- og vidareutdanning 2016 - 2017

Kurs og arbeid i nettverk	Tiltak	Målgruppe
Barnehageleiar-konferansen i Haugesund i februar 2016	Leiarssamling i regi av FOS	Styrarar og pedagogiske leiarar
Nettverksamling for spesialpedagoger i bhg.	FOS nettverk	Spesialpedagoger
Opplæring i bruk av spørjeskjemaet Ages and Stages Questionnaire: Social-Emotional (ASQ:SE)	Opplæring lokalt	Styrarar og pedagogiske leiarar
Lærande nettverk	FOS nettverk	Styrarar og pedagogiske leiarar
Kurs under planlegging	FOS	Barnehagepersonell

Vidareutdanning	Tilbydar	Målgruppe
Teoridelen i barne- og ungdomsarbeidarfaget	Stord vidaregåande skule, ved vaksenopplæringa	Ufaglærte med erfaring frå arbeid i barnehage
Læringsmiljø og pedagogisk leiing i barnehagen	HSH	Barnehagelærarar
Pedagogisk veiledarutdanning	HSH	Barnehagelærarar
Spesialpedagogikk	HSH	Barnehagelærarar

## Økonomi

Utviklingsområde	Målgruppe	Sentale midlar	Kom. midlar	Totalt
Barnehageleiar-konferanse	Styrarar og ped. leiarar	Kr 70 000		Kr 70 000
Tildeling barnehagane etter søknad om sentrale kompetansemidlar	Heile personalet	Kr 130 000		Kr 130 000
Betre Tverrfagleg Samarbeid (BTI og ASQ:SE)	Heile personalet		xxxx	
Førstehjelpskurs kommunale barnehagar	Heile personalet		Kr 10 000	Kr 10 000